



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/654 - 15/19162

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
12.05.2015

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 188/277 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.02.2015.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkast om dispensasjon for oppføring av bygg nærmare nabogrense enn 5 meter, jf. § 1 i reguleringsføresegnene for «Felt D Stallane» med arealplanid 1263-18061965, då situasjonskartet viser at det omsøkte tilbygget mot sør-aust ligg nærmare enn dette.

*I § 1 i reguleringsføresegnene heiter det: «(...) bygningane må ikkje koma utafor byggjeliner mot veg, grøntområde eller nærare grannegrense enn 5 meter.» Ifølge plan- og bygningslova er kravet at ein i utgangspunktet ikkje kan byggje nærmare nabogrense enn 4,0 meter, men sidan reguleringsplanen har eit anna spesifikt krav, er det dette som skal leggest til grunn.*

2. Det må søkast om dispensasjon frå plankravet, jf. «Kommunedelplan Knarvik-Alversund 2007-2019» punkt 2.3. Det kan alternativt utførast ei endring av den eksisterande reguleringsplanen eller utarbeidast ein ny reguleringsplan.

*Reguleringsplanen inneheld ikkje informasjon om kva utnyttingsgrad som gjeld verken i arealplankartet eller i reguleringsføresegnene. Dette betyr, jf. «Planjuss nr. 1/2012» side 18-19 (de kan sjå dette ved å søke etter «Planjuss 1/2012» på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)) at det ikkje kan byggast ut etter den gjeldande reguleringsplanen fordi den ikkje blir sett på som gyldig så lenge den ikkje fyller opp minimumskrava til kva ein plan skal innehalde. For å kunne føre opp noko nytt på*



*eigedomen, vil det difor enten måtte utarbeidast ein ny reguleringsplan, eventuelt utførast endring av den eksisterande planen, alternativt søkast om dispensasjon frå plankravet.*

3. Det må nabovarslast at det søkast om dispensasjon. Skjemaa «Opplysningar gjeve i nabovarsel» og «Kvittering for nabovarsel» må sendast inn på nytt etter dette.
4. Vi ber om at det blir sendt inn ei skriftleg orientering om tiltaket jf. SAK § 5-4 f), «arkitektonisk utforming, herunder visuelle kvaliteter».

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert **sendt inn samla innan 23.06.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Cathrine og Svein Vikøren	Stallane 42	5914	ISDALSTØ
---------------------------	-------------	------	----------

### **Mottakarar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen	5955	LINDÅS
-----------------------------	--------	------	--------